

## KVEN ER VI, OG KVA KAN VI HJELPE MED?

Språktenesta for statsorgan er ein del av Språkrådet. Vi skal yte språkhjelp med to mål for auga:

- Språket i staten skal bli betre og klårare.
- Fordelinga mellom nynorsk og bokmål skal bli jamnare.

Vi kan gå igjennom språket i statlege tekstar og gje skriftleg tilbakemelding. Vi kan òg tilby skreddarsydde opplegg eller kortare kurs som kan vere baserte på ein slik gjennomgang.

I ein viss mon kan vi òg ta på oss omsetjing (frå bokmål til nynorsk) og språkvask av særskilt viktige dokument.

### Ta kontakt med oss

Vi tek imot språkspørsmål og andre førespurnader. Bruk adressa [stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no).

Meir informasjon om språktenesta finn du [her](#).

## FOR MÅLTROSTAR

### Når kan vi bruke s-genitiv i nynorsk?

Ikkje ver redd for sjølve s-en! Det har alltid vore god norsk med s i alle slags samansetningar (årstid, regjerings-skifte) og i faste uttrykk (i manns minne). Særnamn får òg gjerne s, jf. Noregs Bank. Det er lang tradisjon for å bruke s i ubestemt form (eit barns synsstad, fleirtal: borns synsstad).

Det er i dei bestemte formene (t.d. **barnet+s**, **borna+s**, **ungane+s**) det skurrar mest. Norske dialektar har i staden helst preposisjon (ofte «til/åt»), samansetning eller ei lita setning – altså heller «ballen til ungene» enn «unganes ball», heller «barneleiken» enn «bornas leik», og heller «slik borna ser det» enn «frå bornas synsstad». Fyrst når slike alternativ manglar, treng vi s-genitiv. Sin-genitiv er sjeldan noko betre enn s-genitiv, men høver godt framfor «eigen».

## FOR BOKFINKER

### Substantivsyke

Er du substantivsyk? Sjekk symptomene her.

- foreta en vurdering  
= vurdere
- utføre passordknekking  
= knekke passord
- realisere informasjonsutveksling  
= utveksle informasjon

Et innholdstomt verb + substantiv på -ing eller -else = symptom på substantivsyke.

Det er bedre å bruke verbene som betegner handlingen direkte. «Å foreta gjøring» er ikke noe finere enn å gjøre. Verbet gir mye informasjon om hva setningen handler om. Hvis du bruker et betydningstungt verb tidlig i setningen, kommer leseren rett og slett raskere til poenget.

## SPRÅKSPØRSMÅL

**Spørsmål:** Hvilke seks feil var det på vinkartongen til Arne Brimi (språkegget i nr. 3)?

**Svar:** Feil 1: apostrof i «Brimi's». Feil 2, 3 og 4: stor bokstav i «Hytte», «Grill», «Turvin». Feil 5 og 6: manglende bindestrek etter «hytte» og «grill». Det skulle ha stått «Arne Brimis hytte-, grill- og turvin». Vinmonopolet melder at det var importøren som insisterte på et navn med seks feil i. Polet selv ville ha det feilfrie navnet, men fikk ikke viljen sin.



## SPRÅKEGGET

Tilskota til denne spalta er vorpne av skribentar i stat og presse.

NRK-tekst:  
«Regnkappkøyning i Kautokeino»

Våren kom visst tidleg i år.

Send oss gjerne fleire egg!

« Eit ord i rette tid er betre enn mange andre.»

Norsk ordtak

## SKRÅSIKKER PÅ STREKEN?

Når bruker vi skråstrek?  
Skråstrekken angir som regel alternativer. Harstad/Narvik betyr ikke «Harstad og Narvik», men «Harstad eller Narvik».

**Hovedregel:** Hvis du mener «eller», kan du bruke skråstrek. Skriv «og» hvis du mener «og».

Les mer: «[Luftig debatt om skråstrek](#)»  
Les mer om bruk av skråstrek [her](#).

## SPRÅKKONSULENTER

Trenger du en språkkonsulent, men er usikker på hvor du kan henvende deg? Språkrådet har nettopp gjennomført kompetanseprøver for språkkonsulenter i [bokmål](#) og [nynorsk](#). Prøvene var spesielt tilpasset språket i staten, og de som har bestått, er svært gode korrekturlesere og språkvaskere. Du kan be språktjenesten om en liste over de konsulentene som har bestått prøven, på [stat@sprakradet.no](mailto:stat@sprakradet.no). Vi formidler ikke oppdrag.